



STORD
KOMMUNE



Foto: Naustvågen barnehage

Retningslinje for samordna opptak i barnehagar i Stord kommune

Revidert januar 2024

INNLEIING

Alle godkjende barnehagar i kommunen skal samarbeida om opptak av barn i barnehage, jamfør barnehagelova §17. Opptaksprosessen skal vera i tråd med [Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage](#). Forskrifta gjeld ved opptak i alle verksemdar som er omfatta av barnehagelova.

Kommunen skal leggja til rette for ein samordna opptaksprosess, der det vert teke omsyn til barnehagane sitt mangfald og eigenart. Brukarane sine ynskje og behov skal leggjast stor vekt på under sjølve opptaket.

Samordna opptaksprosess skal ivareta tre hovudformål:

- bidra til ei effektiv fordeling av barnehageplassar ut frå søkjarane sine ynskje og behov.
- sikra likebehandling av barn og likebehandling av private og kommunale barnehagar.
- vera eit reiskap for kommunen i arbeidet med å syta for at det er nok barnehageplassar.

Retningslinja til kommunen om samordna opptak i barnehagar skal gje søkjarar, barnehageeigarar og kommunen som barnehagemyndede ein forsvarleg og effektiv opptaksprosess, der kommunen får eit reelt oversyn over tilbod og etterspurnad av barnehageplassar.

Barnehagemyndede har hovudansvar for samordna opptak i kommunen. Eigarar av ikkje-kommunale barnehagar har ansvar for at opptaket vert gjennomført i tråd med retningslinja.

OPPTAK I KOMMUNALE OG IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR

1. Elektronisk søknadsportal finn ein på kommunen si nettside; www.stord.kommune.no
2. Barnehagemyndet i kommunen har ansvar for at det kjem informasjon på kommunen si nettside og i bladet Sunnhordland om samordna opptak i barnehage (annonse i januar/februar med påfølgjande påminning).
3. Lokal søknadsfrist for å ha rett til barnehageplass i Stord kommune frå nytt barnehageår i august er 1. mars.
4. Tildeling av plassar under samordna opptak vert gjort i tråd med Lov om barnehagar, Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak av barn i barnehage og den enkelte barnehage sine vedtekter.
5. I fylgje delegering av avgjerdsmynde frå kommunedirektøren, skal styrar via kommunalsjef fatta vedtak om opptak av barn i barnehage.
6. Ved samordna opptak vert tildeling av barnehageplass gjennomført i tett samarbeid mellom barnehagemynde i kommunen og eigarane/styrarane.
7. Ved løpande tildeling gjennom året tildeler eigar/styrar ledige barnehageplassar.
 - Eigar/styrar har ansvar for å kvalitetssikra at barn med fortrinnsrett til barnehageplass etter barnehagelova §18 har første prioritet ved samordna opptak og ved løpande tildeling gjennom året.
 - Eigar/styrar i den enkelte barnehage har ansvar for at barn som står på vent til plass i 1. prioritetsbarnehagen etter samordna opptak, vert prioritert framfor andre søkjarar ved tildeling av plass når dette er i tråd med barnehagen sine opptakskriterium, jf. Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage - §3 Tildeling av plass.
8. Ved tildeling av barnehageplass har eigar/styrar ansvar for å informera føresette om barnehagen sine vedtekter. Link til barnehagane sine nettsider, der vedtektene deira ligg, finn ein på kommunen si nettside her: <https://www.stord.kommune.no/barnehage-vedtekter.425587.nn.html>
9. Klage på avslag om barnehageplass ved samordna opptak vert handsama av kommunen sitt lokale klageorgan. Kommunen kontaktar aktuell barnehage ved behov.

Kodar føresette kan nytta ved registrering av opptakskriterium i søknad om barnehageplass

Etter barnehagelova § 18 Prioritet ved opptak:

200 = rett til prioritet etter barnehagelova § 18 Prioritet ved opptak

Etter den enkelte barnehage sine vedtekter ved opptak:

100 = rett til plass i høve barnehagelova § 16

10 B = rett til prioritet i høve tilsett i bedrift (gjeld kun Naustvågen barnehage)

10 T = rett til prioritet i høve tilsett (jf den enkelte barnehage sine vedtekter)

10 S = rett til prioritet i høve søsken (jf den enkelte barnehage sine vedtekter)

5 = rett til prioritet i høve minoritetsspråkleg (jf den enkelte barnehage sine vedtekter)

- 300 = busett i ein annan kommune.

Føresette registrerer kodane dei finn som gjeldande for deira barn. Barnehagemynde sjekkar, eventuelt i samarbeid med styrar, at barna er registrert med rett kode ved samordna opptak.

Barn med rett til prioritet etter barnehagelova § 18

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Barn med nedsett funksjonsevne, jf barnehagelova § 18	Sakkunnig vurdering frå t.d. PPT, lege, helsestasjon.
Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, jf barnehagelova § 18.	Vedtak frå barnevernstenesta.

Føresette sender stadfesting av rett til prioritet ved barnehageopptak til:

- Stord kommune, Postboks 304, 5402 Stord

Søknadsprosessen

Føresette som vil søkja barnehageplass i Stord kommune skal nytta elektronisk skjema (innlogging via ID-porten). Det same gjeld om ein ønskjer å byta barnehage.

Når søknad er registrert, får søkjar tilsendt e-post med ei stadfesting umiddelbart etter innsending av søknad om (med oversikt på dei barnehagane som er prioritert i søknaden) "*Mottatt barnehagesøknad*". Søkjar får vidare e-post med "*Stadfesting av motteke barnehagesøknad*" når barnehagemynde har godkjent søknaden.

Barnehagane sender "*Tilbod om plass*" via *Svarut*. Føresette har frist på 8 dagar med å svara på tilbodet.

Vedrørende samordna opptak

Opptaket gjeld kun barn med rett til plass etter barnehagelova § 16. Lokal søknadsfrist for å ha rett til barnehageplass i Stord kommune er sett til 1. mars.

Det skal ikkje gjerast endringar i søkjarlista under opptaket.

Til opptaksmøtet rett etter 1. mars, har eigar/styrar med liste til barnehagemynde over kven dei skal tilby plass ved første runde av opptaket (Bruk skjema i IST Everyday).

Kommunen har oppfylt kravet om å gje tilbud til barn med rett til barnehageplass etter barnehagelova § 16 når dei har fått tilbud om slik plass.

Det enkelte barn har kun rett på ein barnehageplass. Det vil sei at når føresette til eit barn som alt har barnehageplass søker og tek imot plass i ein annan barnehage, seier dei frå seg retten til vidare plass i barnehagen der barnet går frå dato det er teke imot plass i den nye barnehagen. Føresette må også sei opp barnehageplassen og betala for oppseiingstida i tråd med den [enkelte barnehage sine vedtekter](#).

Heiane barnehage deltek ikkje i samordna opptak, og nyttar heller ikkje kommunen sitt opptakssystem IST Everyday. Opptakskrets/målgruppe for barn i denne barnehagen er i hovudsak barn busett på Stord mottakssenter.

RUTINE VED SAMORDNA OPPTAK I BARNEHAGAR

Når	Kva	Korleis	Ansvar
Januar	<p>Senda e-post til føresette som står på omplassering til plass i 1. prioritetsbarnehagen, og spørja om søknaden framleis står ved lag.</p> <p>Undersøkja om søknader som er eitt år og meir framleis er aktuelle.</p>	e-post eventuelt telefonsamtale	Barnehagemynde
Januar / februar	Informasjon om samordna opptak i barnehage	På kommunen si nettside og facebook	Barnehagemynde
	Informasjon om barnehageopptaket i lokalpressa	Informasjon i Bladet Sunnhordland	Barnehagemynde
	Gjennomgang av Retningsline for samordna opptak og køyreplan for opptaket	Fagmøte for barnehagestyrarar	Barnehagemynde
Mars	Kvalitetssikra at søknadane har rett opptakskriterium		Barnehagemynde
	<p>Første runde av opptaket:</p> <p>Den enkelte styrar utarbeider ei innstilling til barnehagemynde</p> <p>Styrarane gjer klar tilbod om plass til søkjarar som har deira barnehage som 1. prioritet</p>	<p>Møte med styrarane der dei informerer om innstillinga</p> <p>I IST Everyday</p> <p>Felles tidspunkt for utsending i Svarut</p> <p>Svarfrist for føresette er 8 dagar etter at tilbodet er motteke.</p>	<p>Barnehagemynde</p> <p>Styrar i den enkelte barnehage</p>
	<p>Andre runde av opptaket:</p> <p>Barnehagar som ikkje har plass til alle på 1. prioritet, gjev melding om dette til styrarar i barnehagar som har dei på 2. prioritet</p> <p>Styrarane gjer klar tilbod om plass til søkjarar som har deira barnehage som 1. prioritet (nokon takka kanskje nei i første runde) og</p>	<p>I IST Everyday</p> <p>Felles tidspunkt for utsending i Svarut</p>	Styrarane i den enkelte barnehage

	<p>til søkerar som har deira barnehage som 2. prioritet.</p> <p>Barnehagemynde sjekkar at tildelingane stemmer med opptakskriteria i den enkelte barnehage sine vedtekter før utsending.</p>		Barnehagemynde
	<p>Tredje runde i opptaket:</p> <p>Barnehagar som ikkje har plass til alle på 1. og 2. prioritet, gjev melding om dette til styrarar i barnehagar som har dei på 2. prioritet og så vidare.</p> <p>Søkarar som ikkje får tilbod i barnehagar dei har søkt i, vert tilbydd plass i barnehagar som ikkje har nok søkarar til å fylla opp ledige plassar.</p> <p>Styrarane gjer klar tilboda om plass til søkerar som har deira barnehage som 1., 2. prioritet, og så vidare.</p> <p>Barnehagemynde sjekkar at tildelingane stemmer med opptakskriteria i den enkelte barnehage sine vedtekter før utsending.</p>	<p>Etter avtale med føresette per telefon eller e-post</p> <p>I IST Everyday</p> <p>Felles tidspunkt for utsending i Svarut</p>	<p>Styrarane i den enkelte barnehage</p> <p>Barnehagemynde</p> <p>Styrarane i den enkelte barnehage</p> <p>Barnehagemynde</p>
April	<p>Senda avslagsbrev til søkerar som ikkje har fått barnehageplass. Avslaget skal grunngjevast og innehalda:</p> <ul style="list-style-type: none"> informasjon om retten til å klaga og klagefristen informasjon om at søknaden står på venteliste ved løpande tildeling av plassar 	e-post	Barnehagemynde
	<p>Handsama klager på vedtak om barnehageplass</p> <p>NB: Klagefrist er tre veker etter at avslag er motteke</p>	<p>Klaga vert å senda til:</p> <p>Stord kommune, Postboks 304, 5402 Stord</p>	<p>Kommunen sitt lokale klageorgan</p>
	<p>Skriva rapport frå opptaket</p>	<p>Rapporten vert sendt til kommunalsjef for oppvekst og kultur</p>	Barnehagemynde